

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Onsdag 11.01.17 kl 09.30 - kl 11.00
Tilstede: Pål Ove Wika, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Svein Slåtsveen, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og
Forfall: Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa Råvare og Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 4. januar 2017

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---------|------|--------|
|---------|------|--------|

| | | |
|---|--|--|
| 1 | Orientering frå styremøte 09.01 | |
|---|--|--|

Merethe møtte som vara, og orienterte om veldig bra driftsresultat, utfordring er merkevaresal. Ambisiøst budsjett for 2017, volumvekst på daglegvare er føresetnad, både merkevare og EMV. Auka snittvekt på kylling og ny vareveg pakking for Asko må også leverast på. NOVA-prosjektet, ny IT-plattform, har levert fram til no.

Landbruksmeldinga: Styret levert innspel med 6 viktige kulepunkt, i tillegg til ein lenger uttale. Marknadsregulering egg oppretthaldast er fyrsteprioriter. Vidare råd for marknadsbalansering, svin i marknadsreguleringsmodellen så lenge som mogeleg, opplysningskontoret egg og kjøt må behaldast med finansiering av onsetsningsavgift. Dersom dobbel mottaksplykt, bør den begrensast til skore vare. Viktig å utnytte marknadsmogeleghet i underdekning av storfekjøt med innanlandsk produksjon. Har hatt og skal ha samtalar med politiske parti.

Totalmarknad: Sau og gris overskot. Ikkje import av gris til jul. Marknadsoverskot på sau/lam på 1 774 tonn pr 31.12, inkl importen. Innanlands marknadsoverskot ekskl import på 913 tonn. På reguleringslager ved utgangen av året 3 200 tonn, av dette ca ein tredjedel sau. Storfe: spm om toll er på rett nivå, import har vore ku. Egg: Godt julesal.

Kjedeforhandlingar: Prøver å unngå å verte "bestevenn".

Spørsmål/kommentarar:

- Er i meldinga sagt at det er forventa innspel om forenkling i jordbruksforhandlingane kvart år. Dette punktet ynskjer Bondelaget å ta bort.
- Fare for å verte kasta ut av Rema?
- Svar: Ikkje signal om det.
- TINE har dobbel mottaksplykt. Har det overføringsverdi for Nortura, med ekstra belastning?
- Svar: Jobbar for at det berre skal gjelde skore vare.
- Er det i budsjettet lagt inn auke til marknadsføring av lam?
- Svar: Lagt opp til auke i daglegvaresal på 5 %
- Viktig å få fram kva som vert gjort for auka sal av lam, mange er fortvilt over situasjonen med redusert pris til produsent, når pris i butikk ikkje vert redusert.
- Be adm om ei utgreiing om kva som vert gjort for å auke salet av lammekjøt
- Viktig med info om kva som skjer for auka sal.
- Reduksjon også i volum av EMV?
- Svar: Bortfall av ICA med reduksjon på kylling. Satsar meir kjedespesifikt no.
- Info om utbetaling av etterbetaling og medlemskapitalkonto, vert etterspurt no.

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Førebuing kretsmøter

- Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?
- Fordeling av møter på Pål Ove og Endre

Innspel:

- Landbruksmeldinga
- Kva vert gjort for auka sal av lam
- Forventa etterbetaling og medlemskapitalkonto

Pål Ove deltek på kretsmøta i 27. Bindal, 25. Vega, 26. Sør-Helgeland, 23. Nord-Helgeland, 28. Hattfjelldal + 29. Grane / Vefsn og 24. Ytre Helgeland. Endre deltek på kretsmøta i 15. Ytre Sør-Troms + 13. ETS, 14. Narvik / Ballangen og 11. Midt-Troms + 12. Astafjord.

3 Representasjon på årsmøter

- 28.02 – 01.03: Årsmøte Finnmark Bondelag
- 15. – 16.03: Årsmøte Troms Bondelag
- 22. – 23.03: Årsmøte Nordland Bondelag
- ??? Årsmøter Bonde- og Småbrukarlag

Vedtak: Fylgjande fordeling på årsmøta:

- **28.02 – 01.03: Årsmøte Finnmark Bondelag: Svein**
- **15. – 16.03: Årsmøte Troms Bondelag: Teig ?**
- **22. – 23.03: Årsmøte Nordland Bondelag: Pål Ove**
- **Årsmøter Bonde- og Småbrukarlag: Brit Kari sjekkar datoar**

Brit Kari

4 Eventuelt

- Støtte til Nei til EU: *Midt-Finnmark krets er helt uenig i at støtten til Nei til EU endres og reduseres etter innspill fra Nortura. Støtten bør opprettholdes minst på dagens nivå. Dette er en sak som må tas opp bredt i hele organisasjonen. Dessuten bør det redegjøres klart og tydelig hvor i vår organisasjon dette forslaget kommer fra og hva som er argumentasjonen bak.*
 - Svein førebur seg å svare på dette på Finnmarkssamlinga. Brit Kari sjekkar styret sitt vedtak.
- Representasjon Arktisk Landbruksting 07.02, samt Rådsmøte 08.02
 - Pål Ove og Endre møter på Landbrukstinget. Pål Ove avklarar med Teig om Rådsmøtet.
- Mat og Landbruk 10.01: Merethe og Svein har deltatt der. Dagsmøte i år, fokus på teknologi og innovasjon. Har vore innovasjonscamp sidan fredag. Mest interessant å høyre landbruksminister og bondelagsleiar.
- Møter i pilotkretsane for Ny Giv i kretsarbeidet: Fred Tore deltek på møta saman med Brit Kari, i veke 6.
- Brit Kari sender møteinnkallingar for AU-møta.

Pål Ove

Fred Tore/
Brit Kari

Brit Kari